



Lisbeth og Tor Fondenes
Storabrekko 24
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/142 - 16/6380

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

01.04.2016

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett - bygging av terrasse GBNR 41/48

Administrativt vedtak. Saknr: 85/2016

Tiltakshavar: Lisbeth og Tor Fondenes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, journalført 15.01.2016 og supplerande dokumentasjon motteke 09.02.2016 og 14.03.2016. Søknaden gjeld oppføring av terrasse på om lag 28 m², til fritidsbustad på Skarpenes, gbnr 41/48.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Skarpenes hytteområde – planid 125619870909 regulert til område for fritidsbustader.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 12.12.2015. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkelig etter Pbl §21-3.

Utnyttingsgrad, plassering, høgde og utsjånad:

Fritidsbustadane i området kan førast opp med ei grunnflate på inntil 90m², overbygd veranda medrekna. Omsøkt tiltak vil ikkje føre til at utnyttingsgraden vert overskriden.

Pilarane som har ei høgde på 0,5 meter eller meir, skal kleast att med bord eller på annan passende måte, jf reguleringsføresegnene for Skarpenes hytteområde, pkt III 1a.

Tiltaket skal plasserast som vist på kart journalført 15.01.2016.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

Meland kommune viser til saksutgreiinga og vurderinga og gjev, i medhald av Plan- og bygningslova § 20-4, løyve til oppføring av terrasse på eigedomen gbnr 41/48 i samsvar med søknad journalført 15.01.2016 og supplerande dokumentasjon/opplysningar motteke 09.02.2016 og 14.03.2016.

Det vert vist til kart journalført 15.01.2016 og teikningar journalført 09.02.2016.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar terrasse

Mottakere:

Lisbeth og Tor Fondenes

Storabrekko 24 5918

FREKHAUG